



Sandland Holding AS  
Statsminister Michelsens veg 38  
5230 PARADIS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2465 - 18/15720

Saksbehandlar:

Katrine Bjordal Midttun

katrine.bjordal.midttun@radoy.kommune.no

Dato:

29.10.2018

## Førebels svar med trong for tilleggskommunikasjon - gbnr 45/473 Langhøyane

Tiltak: Einebustad  
Byggjestad: Gbnr: 45/473  
Tiltakshavar: Langhøyane AS  
Ansvarleg søkjar: Sandland Holding AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 23.10.2018.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig, jf byggesaksforskrifta § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

### Tiltaket sin storleik og grad av utnytting

Søknaden skal opplyse om bruksareal eller nytta areal i tillegg til tal etasjar på nye bygningar og eventuelle eksisterande bygg. Kommunen får ikkje storleiken (BYA og BRA) på tiltaket til å stemme. Det kan sjå ut som at takoverbygg og parkeringsplass ikkje er rekna med i BRA.

*Grad av utnytting kap. 2, § 5* gir vegleiing og beskriving om korleis dette skal reknast ut.

### Minsteavstand til andre bygg, kraftliner, vegmidte, vatn- og avlaupsleidningar

Kommunen skal i si handsaming vurdere om krava til minsteavstand til andre bygg, veg, vatn- og avlaupsleidningar samt kraftliner er vareteke, jf. SAK10 § 5-4 tredje ledd bokstav i). Søknaden må difor opplyse om minsteavstandar om noko av det nemnde er relevant.

Omsynet til leidningar i grunnen er eit av fleire omsyn som kommunen skal vurdere ved tiltaket si plassering. Om søknaden og/eller nabomerknader viser at det planlagde byggjetiltaket kan kome i strid med vatn- og avlaupsleidningar, kan kommunen ved handsaminga av søknaden be om fleire opplysningar om desse ikkje er tilfredsstillande. Kommunen ber om er ein stadfesting på om omsøkte tiltak kan kome i konflikt med høghspente kraftliner, vatn og avlaupsleidningar.

### **Vassforsyning, avlaup og fjernvarme**

Kommunen skal vurdere om eit tiltak har naudsynt tilknytning til infrastruktur som veg, vatn og avlaup, jf. pbl §§ 27-1, 27-2 og 27-4.

Opplysningar om avlaupsordninga er sikra i samsvar med forureinsinglova, er ei relevant opplysning ved innsending av søknad. Avlaupsordning skal vere sikra før det vert gjeve løyve til deling av eigedom eller oppføring av bygning, jf. pbl. § 27-2.

Det er opplyst i søknad at tomta er tilknytt offentleg vassverk og privat avløpsanlegg, og at det ligg føre utsleppsløyve. Kommunen ber om dokumentasjon på at det ligg føre utsleppsløyve, samt dokumentasjon på søknad om tilkopling til offentleg vassverk og tilkopling til privat avløpsanlegg.

Privat avlaupsanlegg er søknadspliktig etter plan og bygningslova, og kommunen kan ikkje sjå at det er søkt om.

### **Erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan:**

Ansvarsrett skal erklærast for alle ansvarsområde i tiltaket. Opplysningar om ansvarsrett skal følgje søknaden, jf. SAK10 § 12-2.

Søknaden skal innehalde informasjon om føretaket, naudsynt kontaktinformasjon og opplysningar om føretaket sine kvalitetssikringsrutinar og kvalifikasjonar, i tillegg til oversikt over kompetansen føretaket nyttar i tiltaket.

Kommunen kan ikkje sjå at alle ansvarsrettar er erklært, samt at gjennomføringsplan er uoversiktleg og mangelfull.

Ansvarleg søker er ansvarleg for at heile tiltaket er belagt med ansvar. Kommunen finn ikkje at ansvarsrettane som er vedlagt søknaden dekkjer alle ansvarsområder. Det må sendast inn redegjerelse om ansvarsrettar og oppdatert gjennomføring plan.

### **TEK**

Det må stadfestas om tiltaket skal utførast etter TEK 10 eller TEK 17.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 13.11.2018. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til arkivert utan handsaming.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

Katrine Bjordal Midttun  
jurist byggesak

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Langhøyane AS

c/o Sandland 5230  
Holding AS  
Statsminister  
Michelsens veg 38

PARADIS

**Mottakarar:**

Sandland Holding AS

Statsminister 5230  
Michelsens veg 38

PARADIS